

NATIONEN

Postboks 9390 Grønland
0135 Oslo

Besøksadresse:
Schweigaardsgate 34 A
www.nationen.no

Sentralbord:
Telefon: 21 31 00 00
Fax: 21 31 00 90
Redaksjonen etter kl. 16.00:
21 31 00 25

Sjefredaktør/daglig leder:
Tove Lie
Direktenummer: 21 31 00 40
tove.lie@nationen.no

Magasin- og kulturredaktør:
Britt Sofie Hestvik
Direktenummer: 21 31 00 65
britt.hestvik@nationen.no

Politisk redaktør:
Erling Kjekstad
Direktenummer: 21 31 00 20
erling.kjekstad@nationen.no

Nyhetsredaktør:
Sveinung Engeland
Direktenummer: 21 31 00 35
sveinung.engeland@nationen.no

Samfunnsredaktør:
Pernille Huseby
Direktenummer: 21 31 00 45
pernille.huseby@nationen.no

Administrativ redaktør:
Carl Hamre
Direktenummer: 21 31 00 16
carl.hamre@nationen.no

Trøndelagskontoret:
Hans Bårdsgård
Mobiltelefon: 911 98 998
hans.baardsgaard@nationen.no

Debattredaksjonen:
Gunhild Aaslie Soldal
Direktenummer: 21 31 00 31
gunhild.soldal@nationen.no

Abonnement og distribusjon:
Hverdager fra kl. 08.00 til 15.00
Tlf: 800 80 199
Fax: 21 31 00 92
abonnement@nationen.no

Annonser
Direktenummer: 21 31 44 44
annonser@nationen.no

Rubrikkannonser:
Hverdager fra kl.
08.00 til 16.00
Tlf: 61 35 98 29
Tlf: 61 35 98 30
Fax: 61 35 98 40
annonser@nationen.no



Nationen arbeider etter Vær
varsom-plaktens regler for god
presseskikk. Den som mener
seg rammet av urettmessig
avisomtale bes ta kontakt med
redaksjonen. Pressens Faglige
utvalg (PFU) er klageorgan som
behandler klager mot pressen
i presseetiske spørsmål. PFU
holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40.
Epost: pfu@presse.no

DAGENS GJEST

Eit solbrent land



«Welcome to John Howard’s sun-
burnt country» stod det å lese
på banneret til demonstrantane
som møtte oss på Brisbane in-
ternasjonale flyplass i Australia.
Med praktiske råd og kreative
triks om vassparing bad dei oss
om å vere med å hjelpe Brisbane
med å etterleve nivå 5-krava om
vassrestriksjonar. Me lova å gjere
vårt beste og tipsa dei om å hente
tørresjampoen ned frå retrohylla,
det ville vere nyttig i eit land der
vassforbruket før fyrste restriks-
jon vart innført i 2005 faktisk
var på heile 300 liter per dag per
person.

Men tørken som har råka landet
er slett ingen spøk. Bøndene i
dei folkerike og sterkt tørke-
ramma delstatane New South
Wales, Victoria og sørlege delar
av Queensland drøymmer om grø-
derike våtmarkar og blenkjande
billabongar på Australias «Top
end» kvar gong dei bøyer seg for
å sjekke merket på enno eit kveg
som har måttet gitt tapt. Statsmi-
nister John Howard, som aldri
har ratifisert Koyoto-avtala og
som heller ikkje vil tilkjenne tør-
ken å vere ein effekt av klimaend-
ringar, er varsam med å karakte-
risere dette som ei katastrofe.
Likefullt vil me kanskje snart sjå
ei folkevandring frå sør til nord
som dei ikkje har sett maken til i
moderne historie.

For kort tid sidan starta eit statleg
utval arbeidet med å reie grun-
nen for bønder i det tørkeramma
sør som bokstaveleg tala vil skifte
beite. Dei har von om å opne opp
nordre Queensland, Western

Australia og Northern Territory
for storstilt landbruksproduk-
sjon.

Nord-Australia er «the last fron-
tiers for verdas landbruk», hevdar
senator Bill Heffernan og presen-
terer ei lengre analyse av korleis
dei kvite busette landet og der-
med også ei slags forklaring på at
nordre delar av Australia, ifølgje
han, nærast er intakt. Heffernan,
som er kjent for å vere ein av dei
John Howard gjerne låner eit øy-
re til, er slett ikkje åleine, det radi-
kale forslaget får full støtte frå by-
ane i det heller sparsamt utvikla
nordområdet. John Wharton, ein
tilsynelatande frittalande borgar-
meister frå Richmond Shire, nord
Queensland, hevdar det ligge eit to
millionar kvadratkilometer stort
belte med tropisk savanne og ber-
re ventar på å få produsere mat.
I dag er det fullstendig uproduk-
tivt. Det einaste det husar, ifølgje
John Wharton, er «aboriginals og
gigantiske saltvasskrokodillar».

Finansfolka gnir seg i nevane.
Området eignar seg ypparleg til å
produsere varer for den asiatiske
marknaden, ein marknad som gir

lovande utsikter for dei rette mat-
og tekstilprodukta i framtida. Og
i Darwin gler dei seg over å vere
nærare Singapore enn Sidney.

Men historia ber på ei sober åtva-
ring til dei som trur på eit land-
brukets El Dorado i Nord-Austra-
lia. Like aust for byen med det sæ-
reigne namnet Humpy Doo ligg
ei lagune som i dag er mest kjent
som eit paradys for fuglekikkarar,
men som tidleg på 50 talet var vert
for eit ambisiøst landbrukspro-
sjekt som bar namnet *The Humpy
Doo Rice Project*. Trass grøderik
jord og plenty med vatn så enda
det opp i ein gigantisk fiasko. Gå-
sa åt opp risfrøa, buffaloar øydela
markane og det viste seg å regne
for mykje når det fyrst regna – og
for lite når det ikkje regna. I løpet
av ti år var alt på nytt overlete til
pytonslangar og saltvasskroko-
dillar.

«Å tru at Nord-Australia skal verte
eit spiskammers for Asia er i beste
fall som ei luftspegling å rekne»,
seier Stuart Blanch ved Universi-
ty of Queensland, som kan reknast
som ekspert på tropiske elvar.
Han har ingen tru på at australske

bønder vil takle utfordringa det er
å produsere mat i eit monson-om-
råde. «Nedbøren er notorisk usta-
bil og ein veit aldri når monsonen
startar. Sjølv under monsonen kan
det vare i fleire veker mellom kvar
gong det regnar. I fjor kom så godt
som all nedbøren i løpet av ei veke.
Storstilt landbruksproduksjon i
eit slikt område vil ha større mil-
jøkonsekvensar enn krig», hevdar
Stuart. Og han får støtte av Jemma
Walshe, frå the Cooperative Rese-
arch Centre for Tropical Savannas
Management ved Charles Darwin
University, som konkluderar med
at; «den generelle kjensla blant
folk som bur og arbeider i områ-
det er at søringane ikkje har pei-
ling på kva dei er i ferd med å gi
seg inn på». Men senator Heffer-
nan og hans våpendragarar har eit
tydeleg bodskap til det Australske
folk; «det er millionar av hektar
der oppe som kan sikre oss enor-
me inntekter etterkvart som land
som Kina og India byrjar å merke
vassknappleik».

Bjørn Egil Flø er forskar ved Norsk
senter for bygdeforskning og stu-
derer for tida det rurale Australia



AUSTRALIA: Tørken som har råka landet er slett ingen spøk, skriv Bjørn Egil Flø.

ARKIVFOTO: KJERSTI MYHRE

REPLIKK

Flere debattinnlegg finner du på side 30

Uheldig for skogbruksatsing

■ Nye takseringsprinsipper for
skog- og utmarksformuene re-
sulterer i mindre satsing på til-
rettelagte utmarkstilbud – et slag
under beltet for de som ønsker å
satse. Skogeierne må ta fra spare-
kontoen for å betale skogskatt – er
dette tilsiktede resultater?
Skogbruksutvalget i Nordland
Bonde- og Småbrukarlag har
gjennomgått de nye reglene for
formuesbeskatning av skog og
utmarkseiendommer. De nye re-
glene gir i de fleste tilfeller høyere
verdier enn tidligere. Dette er i
mange tilfeller ikke reelt, da en de
siste tiårene har hatt en nedgang i
avkastning på drift av skog og ut-
mark. Det er også en del elemen-

ter i de nye reglene som virker
både vilkårlige og lite gjennom-
tenkte. Eksempler på dette er:
1: Skogeiendommer med mye ung-
skog, lite kvantum og høye drifts-
kostnader blir skattlagt hardt i
forhold til eiendommer med en
stor andel hogstmoden skog.
2: De kommunevise nettoverdi-
ene av tilvekst virker lite gjen-
nomtenkt. For eksempel Sømna
har 25 kroner per kubikk, mens
Bindal har 90 kroner. Det mot-
satte hadde etter vår mening vært
mer i samsvar med realiteten.
3: Tilleggsverdien for utmarks-
næring skal beregnes av brutto
omsetning. Dette vil gjøre det
svært vanskelig å satse på hyt-

teutleie, guiding av jegere og
fiskere, samt andre friluft-/ut-
marksaktiviteter som innebærer
stor arbeidsinnsats.
Nordland Bonde- og Småbru-
karlag ber om at de nye prinsippe-
ne for taksering av formuesverdi-
er på skog- og utmarkseiendom-
mer blir gjennomgått på nytt. Her
er åpenbart urimelige forhold i
beregningene som vi velger å tro
er utilsiktede, og derfor må for-
andres. Vi vil også advare mot en
generell økning i formuesverdien
før en kan konstatere en varig
lønnsomhetsforbedring i skog-
og utmarksnæringa.
Ann-Christine Theodorsen, leder i
Nordland Bonde- og Småbrukarlag

NATIONEN.NO

Politidirektoratet ønsker et totalfor-
bud mot privat bruk av fyrverkeri.
Vi spurte leserne på nationen.no om
de er enige. Her er svarene:

Ja, det offentlige kan stå for
fyrverkeriet:

62,5 %

Nei, jeg er ikke enig:

34,9%

Vet ikke:

2,7%

Totalt antall stemmer: 637

Hver dag finner du avstemninger
og meningsmålinger om aktuelle
temaer på nationen.no. Klikk deg
inn og stem!